



VANYLVEN KOMMUNE

Servicetorget

Avd.leiar Magne Lundehaug for oppfylgjing

Saksnr	Løpenr/Arkiv	Dykkar ref.	Avd/Saksansvarleg	Dato
2007/189	982/2007 / 231		SER / LUNMAG	22.02.2007

MELDING OM VEDTAK

Avgraving av kommunal veg - Reglar og gebyr

Driftsutvalet handsama i møte den 14.02.07 – sak 10/07. Følgjande vedtak vart fatta:

1. Avgraving av kommunal veg kan berre skje etter innvilga skriftleg søknad på standard skjema (Gravemelding /løyve). Dette skjema inneber at tiltakshavar har innhenta naudsynte opplysningar og godkjenningar frå både elektrisitetsverk, televerk og frå politiet. Det skal sendast ut krav om gebyr rett etter at graveløyve er gitt. Ein skal søkje i god tid før gravearbeid er planlagt. Avdelingsleiar Driftsavdeling vert gitt fullmakt til å avgjere slik søknad.
2. Det skal i regelen ikkje gjevast løyve til avgraving av vegar der asfaltdekket er nyare enn 3 år. I så fall skal asfaltentreprenør maskinlegge asfalten på bøtestaden og faktura på arbeidet skal sendast direkte tiltakshavar. Viss muleg vert det kvar vår laga ei oversikt (gjerne på heimesida til VK) over vegar som VK har planar om å rehabilitere / asfaltere i løpet av året. **Ei slik liste kan aldri bli heilt nøyaktig!**
3. Tiltakshavar skal følgje kommunen sine retningsliner for attfylling av grøfta, og skal dekkje opp kommunen sine kostnader med istandsetting av vegen. Dette arbeidet vert utført når forholda ligg til rette for det og det passar inn i arbeidsplanen til VK.

Følgjande satsar skal gjelde:

Ved avgraving av grusveg: Minimumsgebyr 1.300 kr for grøftebreidde inntil 3 m. For kvar overskytande breiddemeter grøft aukar gebyret med 500 kr.

Ved avgraving av asfaltert veg: Minimumsgebyr 3.000 kr for grøftebreidde inntil 3 m. For kvar overskytande asfaltert breiddemeter aukar gebyret med 1000 kr. Satsar er eks. mva.

Rett utskrift:

Vanylven kommune

Kåre Kvangarsnes
Kåre Kvangarsnes

Konsulent

Kopi: Økonomisjefen, Marit Iversen Skår

Til (kommune)



Vanylven kommune
Teknisk etat
6143 Fiskåbygd

Gravemelding/-løyve

A

Melding om graving i eller ved -

Adresse

utanfor eller over -

Gnr

Bnr

som vist på eventuell installasjonsanmeldelse datert

Dato

Grunneigar

Det skal gravast for

Arbeidet skal ta til (dato)

og slutte (dato)

Eg/Vi vil rette meg/oss etter føresegnene i denne gravemeldinga og andre pålegg gitt av offentlege etatar.

Stad

Dato

Underskrift

Tiltakshavar

Entreprenør

Evt autorisert rørleggar

B

Denne meldinga må av omsyn til kabel i grunnen, ha påteikning frå følgjande

Elektrisitetsverket

Televerket

C

For kryssing av fylkesveg/riksveg vert det kravd løyve frå fylkesvegsejeren.
For kryssing av kommunal veg vert det kravd løyve frå teknisk etat.
Gravemeldinga er lagt fram for politiet.

Meldinga vert godkjend i samsvar med gjeldande føresegner og elles på følgjande vilkår -

Politiet i

Dato

Underskrift

D

Graveløyve er gitt av -

Vanylven kommune

kommune, med følgjande atterhold -

Meldaren er ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med gjeldande føresegner og skal elles følge instruksar gitt av offentlege etatar. Arbeidet må gå føre seg slik at trafikken ikkje vert stoppa eller unødig hindra. Arbeidsstaden skal sperrast av forsvarleg og skal merkast med lyfter og varselsskilt. Byggherren/entreprenøren er ansvarleg for skade som anleggsarbeidet mätte påføre vegområde eller tredjemann. Ved gjenfylling skal massane, som må vere fôr for tekleklumpar og store steinar, leggjast attande i samme orden som dei lag tidlegare, og stampast lagvis. Dei øvste 60 cm av grøfta skal fyllast med grus og ha eit lag pukk på toppen og skal deretter stampast ekstra godt. Veggroffer og stikkrenner må ikkje tettast til. Byggherren skal etterfylle og planere. Han skal ha liggjande ein haug med grus eller pukk ved gravestaden, utanfor vegbanen, til etterfylling. Elgaren er økonomisk ansvarleg for eventuell asfaltlapping.

Vil kommunen utføre dette arbeidet?

 Ja Nei

Stad

Dato

Underskrift

Fiskåbygd

NB! Denne blanketten fyllast ut i 3 eksemplar og fordelast slik:

1. eksemplar skal oppbevarast på arbeidsplassen.
2. eksemplar til teknisk etat.
3. eksemplar skal beholdes av tiltakshavar.